



Ved utløpet av søknadsfristen hadde berre ein søkt kulturkontoret i kommunen om kulturstipend og fristen er difor utsett til 20. oktober melder HusnesNett.

Kommunen skal i også år, i samarbeid med 5 bedrifter, dela ut inntil 90.000 til kulturutøvarar frå kommunen.

Mona Vetrhus frå Uskedalen var ein av dei første som i 2006 fekk kulturstipend og på biletet optrær ho ved opninga av Kvinnherad Kulturfestival.

I fjor fekk Johanne Teigen frå Husnes, Eirik Eriksen frå Valen og Oda Hveem frå Halsnøy 30.000 kvar.

Pengane skal brukast til personleg utvikling og kompetanseheving, stimulera til nyskaping og kreativitet, nyttast til konkrete tiltak, utdanning utover grunnutdanning og innkjøp av utstyr.

(Foto: Ola Matti Mathisen)